

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDEALEN SOKN

NR. 2 SOMMAR 2025 83. ÅRGANG





DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde

Tlf.: 57 82 81 80

www.kyrkja.no/sunnfjord

sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Øvreås Rusken

Driftsleiar: Ingvar Vagstad

Kyrkjekeskretær: Joy Taylor og Toril Øye

Økonomileiar: Trond Herlosund

Kantor: Gro Gunnarson

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjeverje: Sissel Vartdal

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Bervellene 34,

Postadr.: Pb 90, 6806 6817 Naustdal

Tlf.: 57 82 81 80

sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Onsdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Prest: Fredrik Bråttvik

Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend

Kyrkjekeskretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Silje Sørebø

FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Eline Styve

Reinhold: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthush Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:

Mette-Elin Standal Sæther

FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

Nytt frå redaksjonen

Møt Jorunn Solheimslid Nilssen og Erik Torp Nilssen i dette nummeret. Dei har hatt eit innhaldsrikt liv i Solheimsdalen, i arbeidsliv og som frivillige. Den innsatsen dei har lagt ned innanfor mange område, håper vi kan vere til inspirasjon for mange.

Frivillig arbeid er temaet i dette nummeret. Kva skulle vi gjort utan dei frivillige? Vi kunne gjerne trekt fram mange fleire enn dei som er nemnt og avbilda i bladet. Det er mykje som ikkje ville blitt gjennomført utan frivillig innsats. Og det er plass til fleire! For dei som ikkje har høve til å bidra med frivillig arbeid, vil økonomisk støtte vere eit godt bidrag.

Frivillig innsats og økonomisk støtte er også Helg og Heim avhengig av. Difor ligg det ein giro i dette nummeret. Takk til deg som betalar bladpengar!

Få gjerne med deg ei friluftsgudsteneste, stølsmesse, eller kanskje eit pilegrimsål i sommar! Men først er det pinse, og pinsehøgtida blir feira i alle kyrkjene våre, og er vel verdt å få med seg.

God pinse, og god sommar!

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@enivest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

Trykk:

ETN Grafisk

Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim.

Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

Frivillig bladkontingent

Kr. 350,-

Bankkonto:

3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. 591 431

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



Utgjevingsplan for 2025

Nr. 3. Stoffrist:

Onsdag 13. august

I posten veka 37

Nr. 4. Stoffrist:

Onsdag 29. oktober

I posten veka 48

(Det kan komme
endringar.)



Framsidebilde: Sommarlukke på stranda i Naustdal. Foto: Hanne Schnitler



TIL ETTERTANKE

ANITA ØVREÅS RUSKEN,
diakon i Førde

I fjor vår datt eg på isen, fekk kraftig hjerneristing og vart sett ut av spel ei stund. Då kom mellom anna mor mi på besøk nokre dagar. Ho ordna med praktiske gjeremål som eg ikkje klarte. I tillegg fekk eg hjelp frå mannen min og fleire andre. For meg som sjeldan er sjuk, var det uvant, men også fint, å sjå at menneske rundt meg brydde seg og stilte opp.

Kjærleik er meir enn å sende ein god tanke. Kjærleik kostar! Eg veit ikkje kor mykje du har lest i Bibelen, men Bibelen formidlar praktisk kjærleik.

Praktisk kjærleik. Kva betyr det? Det betyr at ein gjer meir for å formidle kjærleik, enn å tenkje nokre fine tankar eller seie nokre fine ord. Kanskje du sjølv har merka dette i nokre situasjonar? Dersom du verkeleg treng ein klem, eller at nokon kan hjelpe deg med noko. Då nyttar det ikkje at folk sender deg ein god tanke! Då treng du at venen, naboen din eller andre handlar, at vedkommande set seg ned og lyttar til det du har på hjartet, kokar middag eller støvsugar golvet.

Herre, når såg vi deg svolten? Vi skal lese nokre vers om dette, som står i Matteus 25, 35 – 40:

«*For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tørst, og de gav meg drikke; eg var framand, og de tok imot meg; eg var naken, og de kleddde meg; eg var sjuk, og de såg til meg; eg var i fengsel, og de vitja meg.*’ Då skal dei rettferdige svara: ‘*Herre, når såg vi deg svolten og gav deg mat, eller tørst og gav deg drikke? Når såg vi deg framand og tok imot deg, eller naken og kleddde deg?* Og når såg vi deg sjuk eller i fengsel og vitja deg?’ Men kongen skal svara dei: ‘*Sanneleg, eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg.*»

Jesus dreiv med praktisk kjærleik - diakoni. Det er ein type kjærleik som kostar. Det kostar mot, tid og krefter og krev at vi kjem oss opp av sofaen og handlar. Tenk på det som står i bibelteksten. Det vi gjer mot dei som er mest hjelpelause, det gjer vi faktisk mot Jesus sjølv. Det syns eg er ein god motivasjon for å gjere godt mot andre!

Påskemorgen slukker sorgen. Noko anna som motiverer meg er tanken på kva Jesus allereie har gjort for meg. Han er det største forbildet når det gjeld praktisk kjærleik. Ikkje minst då Jesus døydde på krossen, for å beta-



le for oss menneske sine svik, og nederlag. Syndene våre. På påskedag vann Jesus over døden!

«**Guds munn me skulle vera, hans hand og hjartelag, og Herrens gjerning gjera så lenge det er dag.**

Det er den største æra som gjevast kan på jord: Guds kjærleiks tenar vera. Då livsens lukke gror.»

Jesus som forbilde i livet. Eg ønskjer å ha Jesus som forbilde i livet mitt. Det håpar eg at du også ønskjer! Lukke til med å leve ut praktisk kjærleik – ein kjærleik som set spor. Som kan vitne om Gud, som er sjølve opphavet til kjærleiken.



Etter 50 år i vakre Solheimsdalen gjer sunnfjordingen Jorunn Solheimslid Nilssen og haldensaren Erik Torp Nilssen no bergensarar av seg.

Dei står framfor eit stort omskifte – eit oppbrot som nok har vore i tankane ei tid. Etter femti år som ektepar, og nesten like lenge som heimehøyrande i vakre Solheimsdalen, skal sunnfjordingen Jorunn Solheimslid Nilssen og haldensaren Erik Torp Nilssen gjere bergensarar av seg. Dette kan i seg sjølv vere god nok grunn til eit lite dobbeltportrett i Helg og Heim.

Tekst og foto:
ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG
Private foto: ERIK TORP NILSSEN

Fortid og framtid

Nokre timar saman med desse to gjev små glimt frå livet: Hus og heim, yrkesliv, friluftsliv, kontaktnett og engasjement. Det er nok til å forstå at det er eit rikt innhald i livsboka til no, mykje å minnast, mykje som dei legg bak seg og må gi slepp på no. Men på den andre vektskåla ligg ei framtid nær dei fire av fem døtre som bur i Bergen, i eit trygt og lettstelt husvære med fin utsikt – og i ein kyrkjelyd (Birkeland) som Erik ved første besøk opplevde som inkluderande. Det har jo

litt å seie for ein gammal kateket...

Lærar på Karstad

Jorunn var først litt nølande til å bli med i denne samtalet, for hennar rolle har ikkje vore fullt så offentleg som ektemannen si. Fødd og oppvaksen i Solheimsdalen valde ho å utdanne seg til lærar og fekk arbeid i Førde kommune (1972–2016). Etter tre år på Bergum aktivitetssenter brukte ho mesteparten av sitt yrkesliv på Karstad skule – på den fine skulestaden ved Karstadvatnet der ho sjølv var elev ein gong. Ja, ho var som pensjonist ganske fast vikar der heilt til skulen vart nedlagd. Med tilleggss-

utdanning i spesialpedagogikk vart ho også ein ressursperson som Førde kommune nytta til å styrke tilbodet til elevar med særlege behov rundt i kommunen. Slik kom ho innom mange skular.

Heimen og livet i det fri

Når så Torp Nilssen-familien etterkvart vart fem døtre ri-kare i heimen, vart det nok å ta seg av på den fronten også. Det kunne av og til verte seint før Erik kom heim. Då kom det vel med at ho ikkje var husredd i mørke vinterkveldar. Ho kan berre komme på éin litt skummel episode.

Eg får ellers inntrykk av at ho er ei skikkeleg fjellgeit, som har hatt kapasitet til å sprengje dei fleste i motbakka-ne. Heilefjellet høyres ut som eit sjølvsgått tur-mål. «Og så har du jo stolen,» smett Erik inn. Dei har fått seg opp *sel* på dei gamle fjøsmurane – og det skal *ikke* seljast saman med bustadhuset! – Eg har tenkt meg på fleire molteturar, seier Jorunn.


Dei to

Eg får nokre ymt om konfirmantarbeid og ei ‘stolen’ vaffeloppskrift når eg lurer på korleis dei fann kvarandre. Det var ellers i den perioden då det vart bygd veg frå Førde til Solheimsdalen. Sikkert stoff til ein roman der...

Kateket og lærar

Det vi *kan* vite sikkert, er at Erik kom som nytdanna kateket til Førde prestegjeld i 1971. Det vart konfirmantimar, organisering av konfirmantgrupper og -leirar. Den stillinga hadde han fram til 1987, då han tok til som lærar på ungdomstrinnet i Førde. Der jobba han fram til 2014, og underviste i KRLE, matematikk og naturfag. Det er såleis mang ein tidlegare konfirmant eller elev – eller foreldre til dei same – som han no kan møte som kjennigar her og der. Kontaktflata var brei. Seinast sist haust var han med og feira 50-årskonfirman-tane i Naustdal.

Politikken og kyrkjevalet let vi ligge. Men at Erik fram-



Stolen er ein kjær stad for heile familien. Selet dei fekk bygt opp på muren etter fjøsen på Øygardsstolen er både turmål og ei fin ramme om familiefeiringar.

leis er ein engasjert person, har eg høyrt frå gode kjelder. Sjølv seier han at det kjennes godt å bli vist tillit. Lenge etter kateket-tida var han med som nattverd-utdelar i Førde kyrkje, ei oppgåve der han opplevde stort alvor og gode stunder. Litt i same gate: Han har vore ein av dei faste andaktshaldarane på Førde Omsorgssenter dei siste ti åra.

Eg spør kva han ynskjer å gi når han har ei forkynnarsoppgåve?

Her møter eg ein bevisst formidlar: – Så langt det er råd, prøver eg å bruke dagens tekst i bibelleseplanen frå Bibelselskapet. Den fyller jo ut veka mellom sondagane i kyrkjeartet med innhald frå Bibelen. Eg set stadig meir pris på bibelsoga, Jesus-fortellingane. Der finn eg mitt Guds-bilete – som Johannesevangeliet seier: Jesus har vist oss kven Gud er. Dessutan er jo bibelsoga gjerne kjent stoff for dei som fekk sin barnelærdom gjennom skulen si kristendoms-undervisning og konfirmanttida. Og sjølvsagt vert vel mi formidling også farga

av livserfaringa, seier Erik. – Eg mistenker at det er enkelte oppgåver han motvillig seier farvel til.

Nye utfordringar

Som kateket dreiv Erik dåpsopplæring. Den gongen var

dei aller fleste konfirmantane døypte som små. Men så kom det ei anna utfordring i hans veg: Flyktningar og asylsøkarar som søkte seg til kyrkja, som etter kvart ønskte å bli døypte. Erik vart våren 2016 spurde om han kunne gi dåps-

opplæring for nokre av desse. Det skjedde ved hjelp av tolk: norsk – engelsk – farsi (språk som blir forstått og brukt i Afghanistan). Slik oppstod det kontaktar og engasjement som enno varer. Han kan fortelje om nokre livshistorier, eit hjelpende nettverk og krevjande saker.

Det er som kjent ikkje alltid like lett for ein asylsøkar å få godkjenningsstempel. Erik har vore med til topps i systemet som støtte og vitne. Det var dei som fekk vonde avslag på søknad om opphold – og så er det heldigvis også dei som framleis er her. – Både Jorunn og Erik omtalar fleire ved namn, og eg anar at det er erfaringar dei har vore saman om.

Det kan også nemnast at Erik har teke på seg oppgåver i styre og stell i Det Norske Misjonsselskap lokalt.

Kva no?

Kven veit: Kanskje Birkeland menighet i Bergen om ei stund oppdagar kven som har flytta dit? Kanskje finns det enno oppgåver å fylle?



Det måtte bli eit bilet med desse to i nærleiken av Naustdal kyrkje – der Jorunn i si tid stod konfirmant, og der Erik ein del år seinare var konfirmantlærar.

Utan frivillige, – kva skjer då?

Når du kjem rundt svingen i Kyrkjevegen ein onsdag i 10-tida og nærmar deg Førde kyrkjetun, kjem vaffellukta imot deg. Då har nokre damer vore i sving med vaffelrøra ei god stund. Frivillig. Heilt utan løn.

Tekst og bilde:
HANNE SCHNITLER OG JENNY SNILDAL

Frivillige stiller opp, veke etter veke, år etter år. Med omsorgsoppgåver, i kulturlivet, i idrett, barne- og ungdomsarbeid, i kyrkja, i dei mange interesseorganisasjonane. Har nokon rekna på kor mange årsverk som vert utført av frivillige her i landet? Det er mange som stiller opp for andre, mykje eller lite, organisert eller uorganisert. Kva verdi har denne innsatsen?

107 milliardar!

Den frivillige innsatsen tilsvasar 142 000 årsverk (2020), og verdiskapinga tilsvara 87 milliardar kroner i 2022, og 107 milliardar i 2023! Tala er henta frå Institutt for samfunnsforskning si undersøking av



Kristin Løset hjelper til på 10-kaffen.

frivillig innsats frå 2023. Og 78 prosent av folketalet i Norge er medlem i minst ein organisasjon, 48 prosent er medlem av minst to, dette finn vi på Frivillighet.no.

Statistisk Sentralbyrå har sin årlege levekårsundersøking. I 2019 blei om lag 10 000 personar spurta om uløna omsorgsarbeid. 16 prosent av dei spurde utførte uløna omsorgsarbeid, og av dei gjorde 14 prosent regelmessig uløna omsorgsarbeid for personar utanfor eigen hushaldning.

Nokon prøver altså å rekne ut verdien av frivillig, uløna innsats. Det er enorme

tal, men tala er upresise, og mykje uorganisert arbeid blir nok ikkje fanga opp. Året 2022 var Frivilligåret, eit forsøk på å løfte fram og synleggjere innsatsen til dei frivillige. Men blir denne verdien rekna med i den store samanhengen? Media formidlar bekymring over eldrebølgja og auka tal unge utanfor arbeidslivet. Er dei mange pensjonistane, eller unge uføre eit problem eller ein ressurs? Kor mange av desse bidreg med frivillig samfunnsnyttig innsats? Kva vil skje dersom denne innsatsen ikkje blir utførd?

Utan anna løn enn vaflar

Tilbake til 10-kaffen. Der har Kristin tent lys på borda. Ho stiller opp for Førde Ressurscenter. Kaffen står klar, nysteikte vaflar, rømme og syltetøy er sett fram. To damer står ved to doble vaffeljarn og steiker og pratar. På ukrainsk. Eg spør kva dei heiter, då ler dei godt. – *Tetiana og Tetiana!* Ordet «frivillig» har dei lært seg. – *Eg likar å vere frivillig*, seier den eine Tetiana. – *Vi vil hjelpe til*, seier Tetiana nummer to. Ordforrådet er ikkje så stort enno. Vi er einige om at norsk er vanskeleg å lære når ein er godt vaksen. Men når ein kan kjenne at ein bidrar til trivsel med vaffelsteiking, får ein med seg nokre nye ord kvar gong.

Inger Eimhjellen har lang erfaring som frivillig på 10-kaffen. – *Vi lagar røra frå grunnen av, og vi lagar rikeleg!* Det er man-



Det gjeld å bli ferdige til dei vaffelhungrige kjem på 10-kaffen!



Ingrid Haugen serverer vaflar og frukt.

ge som kjem innom og skal ha seg ein vaffel. Ingrid Haugen har berre vore med nokre få gongar, men har lyst til å bidra framover. Dei er åtte frivillige som deler på det, og dei er alltid to saman. Då blir det både trygt og sosialt for dei bak disken.

Folk kjem inn dørene, snusar inn vaffel-lukta og finn plass rundt borda. Mennene går til sine faste plassar i sofaen. Damene finn kvarandre rundt eit bord. Inger og Ingrid serverer kaffi, vaflar og frukt. Her er pensionistar, nokre frå Ressurssenteret, nokre frå buiningane med fylgje, og nokre



Ole Johnny Warvik må flytte mange stolar.

som skal på onsdagstur som vil leggje under med ein vaffel. Anna program enn mat og prat er det ikkje. Eit par gongar i året er det basar, då er det fullt hus. Målet i dei åra onsdagskaffien har eksistert, har vore å lage til ein uformell møteplass, skape trivsel og motverke einsemd. Frivillige står for gjennomføringa, og 10-kaffen er eit samarbeid mellom Frivilligentralen og Førde kyrkje.

Vaktmeistergjengen

Opp i 2. etasje er det òg aktivitet. Ole Johnny Warvik held på å bere vekk stolar

for å gjere klar til «Spiren», babysong for dei minste. Dagen før var det minnesamvær i same lokalet. Ole Johnny er med i vaktmeistergjengen på Førde kyrkjetun. For at alle arrangement og faste aktivitetar skal gå sin gang, må nokon bere stolar og bord, fikse og reparere, kaste søppel og koste og rake utanfor. Alt det vi ikkje ser, men først legg merke til om det ikkje blir gjort.

Dagleg leiar Ann-Berit Steiro har ansvaret for å rekruttere frivillige på Førde kyrkjetun. No har ho ti menn på vaktmeisterlista. I tillegg treng ho folk til å hjelpe til ved minnesamvær og andre arrangement, med borddekking, pynting og servering.

Helg og Heim var innom kyrkjetunet dagen før og, i forkant av minnesamværet. Der var Kirsten Håland, frivillig medarbeidar, i gang med å dekke bord saman med Kari Daltveit, styreleiar for Førde kyrkjetun. Resultatet av innsatsen vart eit vakkert pynta rom, klart til å ta imot til minnesamvær. Fleire frivillige skal stille opp seinare på dagen, med servering, rydding og oppvask.

Ann-Berit Steiro tar godt vare på dei frivillige medarbeidarane. Ho sørger for at dei får seg pausar med kaffi og prat på kjøkkenet. Og er det nokre godbitar til overs, kjem dei fram på bordet.

Onsdagskafeen i Naustdal

Nesten kvar onsdag vert det servert middag på kyrkjelydshuset i Naustdal, noko som er ei viktig inntektskjelde for kyrkjelydshuset. Drifta av kafeen er det trufaste frivillige som har ansvar for. Fleire av dei har vore med i mange år.

Den onsdagen Helg og Heim er innom, er det Svanhild Heimtun og Salmøy Runde som står bak grytene. På menyen står fiskekaker med poteter, grønsaker og kvit saus. Samtalens går lett og latteren sit laust.

– Kor lenge har de jobba her på kafeen?

Damene ser på kvarandre og ler litt.

– Eg har jobba her i alle fall i ti år, svartar Svanhild.

Salmøy smiler og ser opp på veggen.

– Og eg vaks nesten opp her, seier ho. ➔



Kirsten Håland og Kari Daltveit har mange bord å dekke.



Salmøy Runde og Svanhild Heimtun lagar middag på kyrkjelydshuset i Naustdal

På veggen heng eit bilde av mor henrar, Magnhild Hukset, som var dagleg leiar for huset i ei årekke.

– Kva er det som gjer at de jobbar her, år ut og år inn, utan ei krone i løn?

Damene er samstemte i svara sine. Det er triveleg og sosialt.

Kyrkjelydshuset har ein fin gjeng med frivillige. Nokre jobbar på kafeen, og andre er frivillige ved minnesamvære. Det er nettopp det sosiale som gjer at bygdefolket stiller opp. Det og at huset er eit viktig hus for bygda.

Dei frivillige får ikkje løn, men som takk inviterer styret til middag med jamne mellomrom. Då få dei frivillige sitje ned ved eit pent pynta bord og bli servert.

Verdsetjing

Det frivillige arbeidet er meir eller mindre synleg. Kva er det som motiverer når ein ikkje får løn? Vi burde kanskje spurt fem på gata, men har overhørt nokre kommentarar: *– Det er moro! – Ei kjensle av å vere til nytte. Pliktkjensle, kanskje?*

– Eg får dårlig samvittigkeit om eg ikkje stiller opp. – Det er sosialt, vi kjem oss ut av huset og gjer noko saman!

I kyrkja stiller frivillige opp som kyrkjevertar, som andaktshaldarar på Omsorgssenteret, medhjelparar i trusopplæring, med kyrkjekyss, organisering, soknerådsarbeid, kakebaking og oppvask. Listene over frivillige er lange.



Resultat av frivillig innsats: Førde kyrkjetur vakkert pynta til minnesamvær.

Så er det dei som ikkje står på ei liste, men som stiller opp på dugnad, besøker eldre, handlar, hentar og bringer. Dei som kjenner ansvar for å be for kyrkjelyden, ungdommen, lokalsamfunnet. Og dei som støttar arbeidet økonomisk. Å gje er og ein form for frivillig arbeid. Kvar søndag er det kyrkjoffer som går til ulike formål, innafor og utafor kyrkja. Og om ein ikkje kjem seg på gudsteneste, er det likevel mogleg å gje eit beløp til sondagens offerformål.

Kva med dei frivillige som ikkje blir sett? Dei som stiller opp for familie, naboar og nærmiljø og gjer det som ikkje synast? Kanskje vi kan bli flinkare til å sjå og verdsetje denne innsatsen? Å bli sett og verdsett kan gi motivasjon til å halde fram med dei usynlege oppgåvene.

Har du funne din plass som frivillig? Ikkje vent til nokon spør deg, det går an å melde seg, – der ein trur ein kan vere til nytte.



Festmiddag for frivillige i Naustdal. Foto: Torill Midtbø

ALT I

- SPORTSKLEDE
- SPORTSUTSTYR
- BARNEUTSTYR

Erdal Sport

Førde



Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
blomsterfryd.førde@interflora.no

Reiakvam

- Din fotograf i Førde sidan 1946
57 82 19 77 / foto@reiakvam.no
reiakvam.no

God tilbod på flis, beleggsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet...
www.boligkompaniet.com
tlf. 906 19 654



WIKING Mini 2
Vi leverer og monterer

ATLE
NAUSTDAL
Naustdalsvegen 5, Førde
Tlf. 57 82 13 76
VARMEFAG



KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

57 72 41 40
dampbakeriet.no



Finn din nye bustad hos oss!

Moderne og lettstelte leilegheiter.
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrendsøyra 2 i Førde.
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00




Gravdalgruppa



MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGGE · FLISER

Følg oss!
fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken.no

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



NORDIC ATMOSPHERE

Dørmer du om et
NYTT KJØKKEN?

Hos HTH i Førde vet vi at kjøkkenet er husets hjerte, hvor familie og venner samles til god mat og hyggestunder. Den gode maten og det hyggelige selskapet står du for, mens vi hjelper med å designe det.



HTH Sunnfjord Kjøkkenforum AS
Naustdalsvegen 5
6800 Førde, tlf. 57 82 66 10
e-post: info@forde.hth.no

FARGERIKE
NOREGS LEIANTE FARGE- OG INTERIØRKJEDEN
Førde Fargehandel %
TLF. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60



Fra inspirasjon til installasjon
– vi hjelper deg hele veien!

ILDSTEDET
er en faghandel med
lang erfaring innen varme.
Vi gir deg profesjonell
veileding om valg av peis-
ovn, riktig plassering og pipe.

Naustdalsv. 5, 6800 Førde
Tlf. 966 10 100
post@ildstedet-sunnfjord.no



EXTRA

NAUSTDAL



NAUSTDAL

Kystpilegrimsleia

Prosten vår, Knut Magne Nesse, talar varmt om Kystpilegrimsleia, vandrings- og seglingsruta forbi Kinn og Selje til Nidaros. Kva med å ta turen til ein eller fleire av desse stadene i sommar?

Tekst: Frå nettstaden Pilgrimsleden.no

Kystpilegrimsleia er ei historisk ferdsselsåre som startar i Egersund og endar ved Nidarosdomen i Trondheim. Strekninga byr på fantastiske naturopplevelingar i ville og vakre kystområdar med enorme historiske og kulturelle verdiar.

Nøkkelstader

Mellan Sognefjorden og Stad er det fem nøkkelstader: Gulatinget i Eivindvik, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Kinn kyrkje, Svanøy hovedgård og Selja kloster.

Gulatinget var ein av dei eldste og største tingamlingane i Norden frå 900 til 1300 e. Kr. Lovområda femna om heile kysten frå Agder til Sunnmøre, samt Hallingdal, Setesdal og Valdres. Gulatingslova er den eldste bevarte lovsamlinga i dei Nordiske landa. I Eivindvik står to steinkrossar frå tidleg 1000-tal. Desse skal i følgje tradisjonen vere reist av Olav den Heilage. Den eine krossen er keltisk og står utanfor Eivindvik kyrkje. Den andre er angelsaksisk og står på Krossteigen ovenfor kommunehuset. Begge krossane er hogde i Hyllestad.

Kvernsteinsparken i Hyllestad: I Hyllestad finn vi Noregs og Nord-Europas største steinbrot frå vikingtid og mellomalder. Her vart det produsert og eksportert både kvernsteinar og steinkrossar. Kvernsteinsparken er eit friluftsmuseum under Musea i Sogn og Fjordane. Her er omvising, museumsbutikk og aktivitetar kvar dag kl. 11 – 17 i sommarsesong (medio juni – medio august).

Svanøy hovedgård kan føre historia si meir enn tusen år tilbake. I mellomalderen stod det ei stavkyrkje frå 1100-talet her. Dette var eit viktig knutepunkt innanfor bispedømet. På den gamle kyrkjegården står ein Olavskross frå tidleg 1000-tal. På



Kinn kyrkje er eit av dei eldste pilegrimsmåla i Noreg. Foto: Knut Magne Nesse

Svanøy hovedgård er det no pilegrimsherberge, og du kan bestille mat. I turistinformasjonen på kaia i Svanøybukta finn du meir informasjon om nøkkelstaden, og du kan stemple pilegrimspasset ditt.

Kinn: Den vakre Kinnakyrkja er ei av dei eldste steinkyrkjene i Noreg, bygd truleg først på 1100-talet, og er eit kulturminne av internasjonalt format. Både Selja og Kinn vart truleg etablert som pilegrimsål tidleg på 1000-talet. Pilegrimar besøkte truleg Kinn i samband med valfartar til Selja og Nidaros. I motsetning til Selja vart det aldri bygd noko kloster her, men den vakre kyrkja står framleis og er i bruk. Kvar sommar blir du tatt imot av frivillige kyrkjevertar. Og i slutten av juni kan du oppleve det storløtte Kinna-spelet i amfiet like ved kyrkja. Spelet fortel historia om Sta. Sunniva og Borgni, og tematiserer overgangen frå katolsk til protestantisk kristendom.

På Kinn finst det to pilegrimsherberger der du kan overnatte, og det går ein fin tursti rundt øya. Det er ikkje matbutikk på øya, så hugs å ta med deg det du treng frå Florø. Hugs og å avtale tidspunkt for retur med båten.

Selja kloster: Med legenda om Sta. Sunniva fekk Noreg sin første helgenstad. I 1068 vart Selja sete for eitt av tre bispedømme i landet. Rundt år 1090 vart Selja kloster etablert som eitt av dei første

i landet, og gjennom heile mellomalderen valfarta pilegrimar hit. Øya Selja vart knutepunkt for internasjonal og nasjonal skipsfart. I dag er Selja ei av desse unike, stille og heilage øyane som finns rundt om i verda. Faktisk er ho framleis eit lite katolsk bispedøme – kanskje verdas minste.


Selje prestegård er regionalt pilegrimsenter med pilegrimsmottak, pilegrimsovernatting og kultursenter. Pilegrimsmottaket er ope kvar dag i sommarsesongen mellom 15. juli og 15. august. Her er også turistinformasjon, souvenirbutikk og utstillingar. Det er 12 sengeplassar for pilegrimar i Selje prestegård. Det går båt frå sentrum i Selje til øya Selja og Selja kloster heile sommaren.

Vil du vite meir?

Det er laga ei eigen reisehandbok, «Kystpilegrimsleia» av Margun Pettersen, Mosaikk Forlag 2020 - ISBN 978-82-7902-019-6.

Forfatter og fotograf Rune Nylund Larsen har skrevet praktboka «Kystpilegrimsleia - Sjøveien til Nidaros».

På nettsida Pilgrimsleden.no ligg mykje informasjon om Kystpilegrimsleia og dei andre pilegrimsleiene i landet. Her er turforslag, informasjon om overnatting og bakgrunnsstoff om alle dei historiske stadene.



STØRST AV ALT

Trusopplæring

For meir informasjon sjå www.kirken.no/sunnfjord, eller last ned appene **MinMenighetsportal** og **I kirken**. Følg også med på facebooksidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje. Vi minner om at aktivitetane og tiltaka våre er opne for alle. Ein treng ikkje vere medlem av Den norske kyrkje.

Trusopplæring i Førde sokn:



Spiren.

0 - 1 ÅR: Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. For barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta med matpakke! Vi serverer te/kaffi. Oppstart 20. august.

1 - 3 ÅR: Krøllesamling

Song og formidling kvar onsdag kl. 17.30 på Førde Kyrkjetun. Oppstart 10. september.



4 ÅR:

Barnegudsteneste

7. september kl. 11.00. Utdeling av bok og samling etter gudstenesta. Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

5-6 ÅR:

Hallo Venn

Ei samling for heile familien med aktivitetar, sal av mat, og dei som vil har på seg kostyme. Dato er ikkje fastlagt enno.

7 - 10 ÅR:

VAKUUMDAGAR

Tysdag 12. – fredag 15. august. Vi inviterer barna til aktivitetsdagar fra kl. 7.45 – 16.15 på Førde barneskule.

Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

Deltakarar på Vakumdagane vert med på gudsteneste 17. august kl. 11.00.

10-12 ÅR:

Ope hus

Klubbkveld med leik, konkuransar og enkel kiosk kl. 18:00 – 19:30 på Førde kyrkjetun. Datoar for hausten er: 29. august, 26. september, 24. oktober, 21. november.

Trusopplæring i Naustdal og Vevring

Babysong

Annankvar onsdag i partalsveker kl. 11.15 til 12.30 på Naustdal kyrkjelydshus.



Naustdal barnekor

Kvar onsdag frå 13.15-13.45 er det øving for 1 – 4. klasse. Ved Silje Sørebo og Erlend Os.

28. september: Gudsteneste i Naustdal kyrkje kl. 11.00. Utdeling av bok til 4-åringar.

Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

Knøttekoret ca. 3,5 år til ca. 5 år:
Kl. 17.20 – 18.00

Aspirantkoret ca. 6 år – 2. klasse:
Kl. 18.05 – 18.50

Barnekoret 3. klasse og oppover:
Kl. 18.55 – 20.00

Har du lyst å bli med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson, eller sjekk Facebook-sida «Korskulen i Førde kyrkje».

Kontingent per semester: kr. 200.
Oppstart 19. august.

FARSUND FLIS *flis for alle*

Kvalitet - Kompetanse -
God service

Nytt, stort lokale
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og
sjå vårt store utval.



arnes frisørhjørne

Timebestilling
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde

RICKSEN

Langebruv. 26 (v/Domus)

Førde

Tlf. 472 56 398

eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE



Velkommen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar
utanom torsdag 11-15
Torsdag 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPLASS MISJON

DET SKJER

10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag frå kl. 10.00 kan du kjøpe deg kaffi og vaflar i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. Siste dag før sommaren: 10. juni. Oppstart rundt skulestart.

Førde kyrkjekor

Øving i Førde kyrje onsdagar kl. 19.00. Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson. Oppstart: 20. august

Naustdal kyrkjekor

Øving i Naustdal kyrje onsdagar kl. 17.45. Vil du vere med? Kontakt dirigent Erlend Os. Oppstart: Veka etter skulestart.

Kraft Gospel

Nystarta gospelkor for unge med øvre aldersgrense 40 år. Øving kvar måndag kl. 19.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

Kraft Kreativ

– kunstgruppe for ungdom Annankvar onsdag møtast vi til måltid, maling og teikning. Vi jobbar med valfrie prosjekt.

Kraft Leiartrening

– Followme for ungdom frå 15-25 år. For dei som vil vere med som leiar for konfirmantar, på leir og/eller klubbkveldar.

Followmekonferansen

– 22-25. juni. Nasjonal konferanse for dei som er nysgjerrig på å bli med, eller som allereie er med i followme.

Bibelgruppe

– mindre gruppe der unge får prate om tru og tvil.

Kraft Klubb

– klubb ein gong i veka (truleg torsdag) med oppstart til hausten 2025.

Kraft Samtaleteneste – gratistilbod for samtale og/eller spørsmål om tru og tvil.

| Kontakt for Kraft sine tilbod: Johanne Thingnes Leira på sms til 45 88 65 47.

Kyrkjja i byen

Kvar torsdag frå kl. 13.30 – 15.30, er vi på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

Strikketreff

Bli med å strikke tepper for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag. Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun. 18. august, 1., 15. og 29. september, 13. oktober.

Tidebøn i Naustdal kyrje

Velkommen til ei stille stund med lystenning, salmesong og vekslesing.

Tidspunkt finn du i gudstenestelista.

Fredag 4. juli 2025 kl. 22.30:

FESTIVALKONSERT

i Førde kyrje

«The Face of God» - med Ernst Reijseger på cello og vokalgruppa Concordu e Tenore de Orosei frå Sardinia.



På veg til konfirmasjon i Førde kyrje. Foto: Anita Ø. Rusken

Påmelding til konfirmantåret

Har du ein ungdom som er fødd i 2011 og ynskjer å vere konfirmant i kyrja? Meir informasjon om konfirmantåret kan du lese om på heimesida vår kyrja.no/forde.

Etter at ungdommen har meldt seg på konfirmantåret, må konfirmanten kome på konfirmantsamtale i juni saman med ein eller begge føresette. Om dag/tid ikkje passar, kan du bytte til ein av dei andre klassane.

4. juni:	10. juni:
Kl. 16.30 - 8A Fusk	Kl. 16.00 - 8B Husk
Kl. 17.30 - 8B Fusk	Kl. 17.30 - 8C Husk
Kl. 18.30 - 8C Fusk	Kl. 18.30 - 8D Husk

5. juni:

Kl. 16.30 - 8D Fusk
Kl. 17.30 - 8A Husk

Ved spørsmål ta kontakt med kyrjekontoret eller kateket Heidi Styve: heidi.styve@sunnfjordkyrkja.no

**TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?**

KIRKEN SOS
22 40 00 40


**FØRDE
GJESTEHUS
OG CAMPING**

www.fordecamping.com 468 06 000 • Kronborgvegen 44

NORDISK KJØKKENDESIGN

JKE
NORDIC KITCHEN DESIGN

Hafstadv. 34 (Bergegården)
6800 Førde - tlf. 913 11 837
ms@jke-forde.no



- møbler
- belysning
- gardiner
- utemöbler
- solskjerming

MARIAS HUS

nordisk design · interiør · møbler

Tlf. 478 39 411
Aingedalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)
post@marias-hus.no | //mariashus.no

Særskilde gudstenester i sommar

Torsdag 5. juni kl. 11.00:

«Vi syng ilag!»

Syng ilag-gudsteneste i Naustdal kyrkje der Førde Seniorkor deltek. Vi syng kjende salmar og vårsongar. Kyrkjekaffi og hyggjeleg samvær etter gudstenesta. Samarbeid med pensjonistlag, frivilligentral og kyrkja.

Måndag 9. juni kl. 11.00:

Pinsefeiring for heile familien

2. pinsedag blir det pinsefeiring for heile familien ved Vevring kyrkje: Aktivitetar for store og små, gudstenestefeiring og pøl-segrilling. Sjå kyrkja.no/naustdal når det nærmar seg for meir info.

Søndag 15. juni kl. 12.00:

Friluftsgudsteneste

Vi samlast på Leite ved Vonavatnet i Naustdal. Naustedalen spelemannslag deltek. Vi feirar dåp og det vert avskjed med Fredrik Bråttvik. Kyrkjekaffi. Ved därleg vær vert gudstenesta i Instedalen skule.

Søndag 27. juli kl. 11.00:

Olsokfeiring

Sunnfjord Museum, Movika. Vi feirar Olsok med fellesgudsteneste for Førde, Naustdal og Jølster på friluftsmuseet i Movika.

Søndag 24. august kl. 11.00:

Friluftsgudsteneste

i Vevring/fellesgudsteneste i Naustdal sokn. Stad vert kunngjort seinare.



Fra stølsmessa ved Grønengstølsvatnet 2018.

Søndag 20. juli kl. 12.00: Stølsmesse i Haukedalen

Stølsmessa vert ved nausta ved Grønengstølsvatnet. For å koma dit må ein køyre inn heile Haukedalen til snuplassen på Grøneng. Der er det mogeleg å parkera før ein tek turen på god veg inn til vatnet, ca 30 minutt gange. Det er mogeleg å køyra inn til stølsvatnet for dei som ikkje greier gå. Avtal gjerne med grunneigar og fyll opp bilane slik at færrast mogeleg köyrer. Ta med mat og drikke. Velkommen!

Kontaktperson Bodil Øvsthus Frøysland.



Bli med til Nydalstøylen i Holsen!

Søndag 10. august kl. 12.00:

Stølsmesse på Nydalstøylen, Holsen

Diakon Anita Rusken vil forrette på denne gudstenesta. Vi håpar det blir ei samling for både små og store. Etter gudstenesta tar vi oss god tid til å vere sosiale. Det blir aktivitetar for barn og unge. Vi tenner opp bålpanne/grill. Ta med deg mat og drikke. Stølsmesse blir det uansett om sola skin eller det regnar. Kle deg etter veret. Det er hus vi kan verre inne om det regnar. Vi håpar å treffe mange bygdefolk frå heile Sunnfjord.

Slik finn du fram: Når du kjem frå Førde svingar du av ved krysset der Holsavatnet startar. Det står Nydal på skiltet. Køy langt vatnet nesten 5 km. Ved skiltet øvre Nydal svingar du til høgre. Det er asfalt til øvre Nydal, deretter grusveg. Det er bomveg kr 50, den står ved grinda du møter på veg oppover. Frå parkeringsplassen er det ca. 10 minutt å gå til støylen.
Velkommen!

Kom som du er!

Vi har eit stort og breidt treningsstilbod til godt vaksne og seniorar! Du får gratis prøeveveke. Møt oss i resepsjonen vår, 3. etasje på ALTI. Eller ta kontakt på telefon: 57 82 31 32. Sjå vår nettside: pulsforde.no



PULS FØRDE

- Kom som du er!

GUDSTENESTER

Her er oversikt over planlagde gudstenester. Det kan komme endringer.

Følg med i Firda «Det skjer», www.kyrkja.no/sunnfjord, eller kontakt kyrkjekontora. . Velkommen til kyrke!

SØNDAG 1. JUNI

Førde 12.00 Bygudsteneste ved Rådhuset

TORSDAG 5. JUNI

Naustdal kyrkje 11.00 «Vi syng i lag» – gudsteneste. Kyrkjekaffi.
Haukedalen kyrkje 19.00 «Song mot sommaren»

SØNDAG 8. JUNI PINSEDAG

Førde kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

Naustdal kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste
Holsen kyrkje 19.00 Høgtidsgudsteneste

MÅNDAG 9. JUNI 2. PINSEDAG

Vevring kyrkje 11.00 Familiegudsteneste. Grilling og aktivitetar etter gudstenesta.

ONSDAG 11. JUNI

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 15. JUNI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal 12.00 Friluftsgudsteneste ved Vonavatnet.

SØNDAG 22. JUNI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

TORSDAG 24. JUNI

Haukedalen kyrkje 19.00 Jonsok

SØNDAG 29. JUNI

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 6. JULI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste med deltagning frå Førdefestivalen
Stavang kyrkje 11.00 Fellesgudsteneste for Stavang og Vevring

SØNDAG 13. JULI

Naustdal kyrkje 11.00 Fellesgudsteneste for Naustdal, Førde, Holsen og Haukedalen

SØNDAG 20. JULI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen 12.00 Stølsmesse

SØNDAG 27. JULI OLSOK

Sunnfjord 11.00 Fellesgudsteneste for museum Førde, Naustdal og Jølster

Vevring kyrkje 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 3. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 10. AUGUST

Holsen 12.00 Stølsmesse på Nydalstøylen. Fellesgudsteneste mellom kyrkjelydane i Holsen, Haukedalen og Viksdalen.

Førde kyrkje 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 17. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 19.00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

ONSDAG 20. AUGUST

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 24. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring/ 11.00 Friluftsgudsteneste.
Naustdal sokn Stad blir kunngjort seinare.

SØNDAG 31. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Førde kyrkje 13.00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Naustdal kyrkje 16.00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

ONSDAG 3. SEPTEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

TORSDAG 4. SEPTEMBER

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 7. SEPTEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste. Markering av 200 års utvandrarjubileum.

Førde kyrkje 11.00 Barnegudsteneste med utdeling av fireårsbok
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon

SØNDAG 14. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no




SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS



GRAVFERDER

FØRDE KIRKJE

14.02	Gunvor Maria Aasen	f.1920
18.02	Jorunn Tjønneland	f.1944
11.03	Åse Marie Hundvebakke	f.1942
14.03	Ellen Karin Hugøy	f.1969
14.03	Kjellaug Klopstad	f.1923
18.03	Målfrid Oddny Aasen	f.1935
25.03	Martines Vik	f.1934
27.03	Aslaug Oline Nesje	f.1934
27.03	Tove Nilsen	f.1939
28.03	Karl Helge Aasen	f.1937
03.04	Georg Vie	f.1934
11.04	Jorunn Vågen	f.1957
15.04	Aud Øveraas	f.1929
23.04	Inger Helene Thingvold Nordeide	f.1961
24.04	Bjørn Høyvik	f.1937
24.04	Geir Peder Solheim	f.1959
29.04	Bjørg Hovland	f.1936

SJUKEHUSKAPELLET

06.03	Gunnar Alf Hafstad	f.1932
08.04	Judith Eide	f.1947

NAUSTDAL KIRKJE

27.02	Asbjørn Liabø	f.1938
07.03	Reidun Kjellaug Fauske	f.1947
07.03	Kåre Hellenes	f.1940
14.03	Magne Lykkebø	f.1938
20.03	Jens Magnus Hilde	f.1939
29.04	Målfrid Hammersvik	f.1935

VEVRING KIRKJE

04.03	Jakob Thingnes	f.1932
-------	----------------	--------

Kyrkjeskyss til Førde kyrkje

Det er ikke avklart om det blir
kyrkjeskyss til alle gudstenester framover.

For informasjon kontakt kyrkjekontoret
måndag-fredag tlf. 57 82 81 80, eller
diakon Anita Øvreås Rusken tlf. 900 68 514.

DØYPTE

FØRDE KIRKJE

9. FEBRUAR	Elise Grane Åsnes
	Ida Hansen Viken

16. FEBRUAR

Torbjørn Rutledal	Morvik
Adelen Hermundsplass	Flaten

2. MARS

Ola Fiskaa Vallestad	<i>Døypt i Rovde kyrkje</i>
----------------------	-----------------------------

16. MARS

Vega Solvik-Heggvold	
Hermine Bjørndal Ness	
Jonas Fonn Arntsen	
Eskil Norevik Juklestad	
<i>Døypt i Helgheim kyrkje</i>	
Elvira Leknes Løkkebø	
<i>Døypt i Dale kyrkje</i>	

23. MARS

Vetle Frydstad Vagstad	
Albert Øksenbergs Ullebust	
Tuva Fossøy Kjellman	
<i>Døypt i Årdal kyrkje</i>	

30. MARS

Frida Melheim Sandøy	
Ebba Eithun-Farestveit	

6. APRIL

Torfinn Nes Veberg	<i>Døypt i Viksdalen kyrkje</i>
--------------------	---------------------------------

13. APRIL

Wilja Vik Benjaminsen	<i>Døypt i Florø kyrkje</i>
Ingvild Gjelsvik Karlsen	<i>Døypt i Kvammen kapell</i>

20. APRIL

Marie Homstad Solheim	
Noah Systad Sæterdal	
Lukas Bjørkhaug Welle	
<i>Døypt i Lavik kyrkje</i>	

HOLSEN KIRKJE

6. APRIL	Noah Holsen Håheim
----------	--------------------

NAUSTDAL KIRKJE

16. FEBRUAR	
Lilja Bråttvik	
Elliot Bråttvik	
Mie Eimhjellen Aarsbog	

16. MARS

Matheo Kringlen Ekroll	
Emmie Kjelsnes Stuhaug	
Norun Munkvold	
Sander Gjesdal Dyregrov	

30. MARS

Leo Mathias Smådal	
--------------------	--

13. APRIL

Sanna Eliassen Veien	
Emil Alfred Espeland	
Sander Førde-Rygg	

døypt i Fyllingsdalen kyrkje


VIGDE

FØRDE KIRKJE

14. FEBRUAR	
Elin Skiftevik og Magnar Høyvik	
Hege Merete Smådal og	
Svein Morten Våge	



Florø 21. og 22. juni
Songen ved det store djup



Returadresse
Førde kyrkjekontor
Kyrkevegen 23F
6809 FØRDE



Førdekonfirmantane samla i gymsalen til musikalske innslag. Foto: Cesar Aranciaba

Konfirmantleir på Lyngmo

I mars reiste spente konfirmantar og leiarar på leir til Lyngmo ungdomssenter i Hafslo.

Tekst: HEIDI V. STYVE, kateket

Det er fyrste gongen at Førde-konfirmantane reiser til Lyngmo på leir.

Trass därlege snøforhold i vinter blei det ein tur i Hodlekleiv i Sogndalsdalen for dei som ville på den siste leiren.

Det blei to kjekke leiarar med bading i Lustrabadet, aktivitetar i gymsalen, formingsaktivitetar, undervisning, gudsteneste, leik, god mat og mykje anna gøy.



Full konsentrasjon med uteaktivitetar! Foto: Ute Lindner



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og åremålsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjoner, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com